



N G I B
Brannførebyggjande avdeling
5914 ISDALSTØ
TELEFON 56 37 50 00
TELEFAKS 56 37 51 09

Arkiv: 2014
Saksmappe: 523
Sakshandsamar: Frode Langeland
Dato: 27.05.2014

Meland Kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

TILSYNSRAPPORT

Omsorgsbustader Vikebø

I medhald av "Brann og eksplosjonsvernloven" av 14.06.2002, § 13, med tilhøyrande "forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn" av 26.06.2002, (Førebyggandeforskrifta, FOBTOT) samt "Forskrift om systematisk Helse, Miljø og Sikkerhetsarbeid i virksomheter" (HMS-forskrifta) av 01.01.1997, vart det utført tilsyn ved:

| Objekt | Type objekt | Objekt id | Gnr/bnr |
|--------------------------------------|------------------------------------|--------------------------------|-----------------|
| Omsorgsbustader Vikebø | A22 | 41 | |
| Adresse | Postnummer | Stad | |
| 0 | 5918 | Frekhaug | |
| Eigar | Førre tilsyn | Dato gjennomført tilsyn | |
| Meland kommune | | 19.05.2014 | |
| For objektet/verksemda møtte: | Frå tilsynsmyndighet møtte: | | |
| Brannvernleiar: | Ester Tveit | Branninspektør: | Frode Langeland |
| Eigar: | Erik Knag Johannessen | | |
| Verksemd: | Britt Romarheim (PLO) | | |

Innleiing

Formålet med tilsynet er å vurdere om eigar og verksemda arbeider systematisk med branngryggleiken. Det vert lagt vekt på områder som er omtala i Internkontrollforskrifta § 5 og Førebyggjande forskrifter kap. 2 og 3. Formålet er også å få eit inntrykk av korleis internkontrollarbeidet vert administrert og praktisert ved verksemda.

TILBAKEMELDING

Det skal gjevast tilbakemelding på denne rapporten innan 1 månad etter at den er motteken. Sjå siste del av rapporten.

Brannvernleiar sender kopi til eigar, brukarar og verneombod

Tilsynet vart gjennomført som **tematilsyn** vedkomande virksomheten/brukars dokumentasjon i henhold til brann-og eksplosjonvernloven §8, samt internkontrollforskrifta. Formålet er å få eit inntrykk av korleis internkontrollarbeidet vert administrert og praktisert ved verksemda.

I sammøtet vart det føreteke ein gjennomgang av tilsynsrapport av 21.09.2012, i tillegg var det informert kvisor tilsyn ikkje vart gjennomført i 2013.

Rapporten frå 21.09.12 beskriv følgjande avvik:

- Avvik vedkomande vindauge, montert i "basen" mot leilegheit 6b og 8a.
- Dokumentasjon på brannteknisk løysing samanføyninga mellom basen og bygg 3.

Tilsynsmyndigheten har motteke attendemelding frå eigar, der ein viser til korrespondanse mellom Meland kommune og arkitektkontoret vaardal-lunde a/s.

Rapporten frå arkitektkontoret beskriv følgjande, når det gjeld ovannemde avvik:

- Boligsprinkling er vurdert som tilstrekkeleg kompensasjon for minste avstand mellom bygningane og konstruksjon i treverk.

Slik dette er omtala må ein anta at den bygningsmessige konstruksjonen stettar krava etter plan og bygningslova, og at dette gjeld begge avvik.

Tilsynsmyndigheten anser det slik, at avvika no er lukka.

I rapporten er det også anført merknader når det gjeld plassering av brukars rullestol, denne er plassert i fellesområde som også er definert som rømmingsveg. Her lyt eigar/brukar finna ei alternativ løysing for plassering av denne.

Branndokumentasjon:

Når det gjeld virksomhetens/brukars dokumentasjon vil tilsynsmyndigheten framheva at bedrifta har eit godt forankra eigenkontrollsysteem på brannvernområdet, basert på risikovurdering.

Utarbeid risikovurdering danner grunnlag for gode rutiner, for ettersyn og vedlikehald/brannvernunder, øving og opplæring samt målsetjing innan førebyggjande brannvern. I tillegg har ein utarbeid overordna HMS-mål, og delmål for brannvernarbeidet.

Brannvernpermen kan med fordel oppgraderast/ reviderast.

Vidare gjer ein merksam på at dette branntilsynet ikkje er ein fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil og manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar av brannobjektet si plikt å syte for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, om førebygging av brann. Jf FOBTOT §2-1.

DEFINISJONAR

| | |
|-------------------|---|
| Avvik: | Å overtre krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga. |
| Avvik frå: | Heimel i brann og eksplosjonsvern lova, førebyggjande forskrifa og HMS-forskrifta. |
| Kommentar: | Utfyllande opplysningar om avvik eller opplysningar som kan vera nyttig for mottakar. |
| Merknad: | Eit forhold tilsynsetaten meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta Helse, Miljø og Tryggleik, som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. |

Avvik 1: Rømmingsvegane er ikkje tilfredsstillande

...

Avvik frå: Førebyggjande forskrifa § 2-3

Kommentar:

- Rullestol i rømmingsveg.

Avvik 2: Tiltak i forhold til unormal verksemd/drift er ikkje tilfredsstillande

...

Avvik frå: Førebyggjande forskrifa § 3-1 og § 3-6, HMS-forskrifta § 5, 2. ledd pkt 6

Kommentar: Det manglar:

- Tiltak ved utkopling av tekniske anlegg, eksempelvis
(sprinklar;brannalarm/vassforsyning/sløkkeutstyr)

KRAV OM YTTERLEGARE SIKRINGSTILTAK OG BEREDSKAP Brannvernlova § 14

Tilsynet avdekte ikkje forhold som krev ytterlegare tryggingstiltak eller beredskap utover kva som er angitt i Førebyggjandeforskrifta Kap 2, 3 og 4 jamfør brannvernlova § 14.

OPPSUMMERING

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik gjennomgått. Ein vart einig om at eigar og brukar finn løysingar for å utbetre dei feil og manglar som er gjeve i rapporten, og etablerer/held vedlike rutinar i samsvar med Førebyggjandeforskrifta og HMS-forskrifta.

Dersom det er avvik, kommentarar eller merknader i rapporten som De ikkje finn i samsvar med tilstanden i bygget eller verksemda er, ber vi dykk om å skrive dette i tilbakemeldinga. Treng De råd eller hjelp, ta kontakt med NGIB førebyggjande avdeling på Telefon 56 37 50 00. For meir informasjon om tilsynet eller avvika som er peika på, sjå rettleiinga til "Forskrift om forebyggende tiltak og tilsyn", (www.dsbs.no)

TILBAKEMELDING

I samsvar med "Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn", § 6-2, ber brannvesenet om ei skriftleg tilbakemelding (ein handlingsplan!) innan 1 md. etter at rapporten er motteke. Handlingsplanen skal innehalde opplysningar om korleis og når avvika vil bli retta, samt kven som er ansvarleg for gjennomføringa.

Tilbakemeldinga skal sendast:
NGIB Førebyggjande avdeling
Dokumentsenteret,
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Neste tilsyn vert gjennomført i 2015

Med førebyggjande helsing

Brannsjef
i
Lindas og Meland kommunar

Karl J. Romarheim
Karl Johannes Romarheim

Nordhordland og Gulen interkommunale
brannførebyggjande avdeling
N G I B

Frode Langeland
Frode Langeland